



O K Charter AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1754 - 14/16623

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
31.10.2014

Godkjenning - Løyve til endring av godkjent tiltak på gbnr 45/112, Vikebø

Administrativt vedtak. Saknr: 308/2014

Saksutgreiing:

Anja K og Ronny Kaldestad, representert ved ansvarleg søkjar OK Charter AS, har ved søknad motteke 21.2.2014 søkt om endring av rammeløyve dagsett 25.7.2013 (arkivsakid 12/1804) for utviding av eksisterande brygge- og kaianlegg på gbnr 45/112 på Vikebø i Meland kommune.

Situasjonskart og illustrasjonsteikningar av tidlegare godkjende tiltak samanlikna med omsøkte tiltak er lagt ved søknaden. Bergen og Omland Havnevesen (BOH) har godkjent endringane ved vedtak 18.2.2014.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav ved vedtak av 2.9.2014, sak 72/2014, dispensasjon for utviding og endring av kaien i samsvar med søknaden. Den 18.9.2014, vart dispensasjonsvedtaket sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune for klagevurdering. Det er ikkje motteke klage på vedtake innan utløp av klagefristen 9.10.2014.

Endringssøknaden var komplett og klar for handsaming ved utløp av klagefristen.

Vurdering:

Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Endringssøknaden er nabovarsla utan at det er kome inn merknader.

Eigar av gbnr 45/32, Ottar Kårbø, har ved erklæring dagsett 29.1.2014 samtykka til endringane og plassering av desse mot nabogrensa til bnr 32. Vidare har Ottar Kårbø ved erklæring dagsett 13.7.2014 samtykka til oppføring av slipp/båtopptrekk inntil grensa mot bnr 32 mellom nytt naust på bnr 112 og grensa til bnr 32.

Eigar av gbnr 45/29, Karin Ø Hanssen, har ved erklæring dagsett 16.7.2013 samtykka til plassering av brygge inntil 50 cm frå eigedomsgrensa mot bnr 29.

Utforming, plassering, utsjånad og avstand til nabogrenser:

Omsøkte endringa er no i samsvar både med godkjenning frå BOH og dispensasjon frå Utval for drift og utvikling.

Det er ikkje andre uavklarte ved endringssøknaden, som då vert godkjent i samsvar med søknad motteke 21.2.2014. Tiltaket skal utførast i samsvar ved vedlagt situasjonskart stempla godkjent av Meland kommune 31.10.2014.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket er vurdert å vere i samsvare med gjeldande krav til plassering, høgd og avstand frå naboeigedomar og omkringliggende byggverk, jf pbl § 29-4.

Ut over dette vert det vist til rammeløyvet av 25.7.2013 for vilkår for igangsetting og godkjenning av ansvarsrettar.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 21-4, fjerde ledd, følgjande endring av rammeløyve dagsett 25.7.2013:

- Søknad om utviding og endring av eksisterande bryggje- og kaianlegg vert godkjent som omsøkt i endringssøknad motteke 21.2.2014. Tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonskart stempla godkjent av Meland kommune 31.10.2014.

Dei opplysningar om byggetiltaket og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så fram det ikkje er gjeve unntak. Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ut over dette gjeld rammeløyvet av 25.7.2013 for tiltaket.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente endringar - Kai - Gbnr 45-112

Mottakere:

O K Charter AS
Ronny Kaldestad

Fløksand 5918
Grodalsåsen 11 5600

FREKHAUG
NORHEIMSUND